

# Gode sirkclar

KOMPETANSEDIVEN NÆRINGSUTVIKLING



Årsmelding

2014



# Innhald

*Leiar*

*Styret i Gode Sirklar i 2014*

## **Næringsutvikling:**

- *Etablerartenesta: - Vi har fått utruleg god etablerarhjelp*
- *VNR Verkstedgruppen: Saman om eit «vindmølleprosjekt»*
  - *NCE Subsea: Dempar oljekrisa med innovative tiltak*
  - *Marint Industrinettverk: Nysatsing på marin næring*
    - *Kysteventyret: Handel og reiseliv finn saman*
    - *Øygarden: Samlar Øygarden om sykkel-VM*
- *Hellesøy-prosjektet: Hellesøy – meir enn ei perle i havgapet*

## **Utdanning:**

- *Kunnskapsbyen: Ein kunnskapsby i emning*
  - *Fråfall i vidaregåande skule: ...*

## **Helse- og omsorg:**

- *Sjef i eige liv: Vil vere fremst i løypa*

*Styret si årsmelding (ligg ved)*

***Forskningsbasert kunnskap kopla med lokal kompetanse og behov***

***Heiskapleg tilnærming mellom interessentar***

***Fokus på meirverdi gjennom samhandling***

***Balanse mellom profesjonalitet, dynamisk og innovativ nytenking***

***«Samskapt meirverdi»***

# Styret i Gode Sirklar

## Styreleiar



*Eli Å. Berland*  
*Fjell kommune*

## Styremedlem



*Åse Gunn Husebø*  
*Øygarden kommune*

## Styremedlem



*Kari-Anne Landro*  
*Sund kommune*

## Styremedlem



*Sverre Konrad Nilsen*  
*SINTEF*

## Styremedlem



*Kristin Helle Valle*  
*Litteraturhuset i Bergen*

## Styremedlem



*Tove Ormevik*  
*BP Norge*

## Bisitjar



*Linda M. Moen*  
*Vest Næringsråd*

## Bisitjar



*Berit Vetlejord*  
*Hordaland Fylkeskommune*

## Dagleg leiar



*Sigmund Kvernes*  
*Gode Sirklar*

## **Gode Sirklar som partner for innovasjon**

*I 2014 har verksemda til Gode Sirklar vist behov for samarbeid som tilfører forskingsbasert kunnskap som grunnlag for innovasjon. Meir av dei store næringsretta forskingsmidlane som er løyvde av staten trengs i næringslivet i regionen. Det er ei sentral utfordring for Gode Sirklar å bidra til å utvikla industridrivne prosjekt som vert finansierte med slike midlar. Nokre prosjekt vert vidareført på ein berekraftig måte av aktørar som tek ansvar for det. Gode Sirklar tek framleis ei støttande rolle etter behov i dei enkelte prosjekt.*

*Selskapet sin 4-årige handlingsplan har fått tilslutnad i eigarkommunane. Kommunane har for 2014 løyvd midlar i samsvar med handlingsplanen, på ulike nivå avhengig av ønske om å nytta selskapet til eigne prioriterte regionale satsingar.*

*Gode Sirklar har vist resultat med relativt små økonomiske ressursar. Gjennom partnerskapen med SINTEF, har ein tilgang på spisskompetanse på eit breitt område og kan operere med ressursane svært fleksibelt. Gode Sirklar AS har òg nytta regional kunnskap og kompetanse i samsvar med behova i prosjekta.*

*Gode Sirklar AS fekk i 2014 eit økonomisk bidrag frå Hordaland fylkeskommune grunna det regionale samarbeidet på næringsområdet. Bidraget fell bort i 2015. Dette vil få konsekvensar for prioriteringane.*

*VNR Maringruppen, som vart etablert i 2013, treng å styrkje samarbeidet for å bli berekraftig. Ikkje minst med omsyn til å kople satsinga til etableringa av ei biomarin klynge i Bergensregionen. Gode Sirklar har teke initiativ til å identifisere felles behov for næringa, som skal gje grunnlag for vidare samarbeid i gruppa.*

*VNR Verkstedgruppen er godt i gong med å etablere eit felles marknadsføringselskap, Sotra Industrial Group. Dette er eit viktig resultat av samarbeidet i gruppa. Gode Sirklar arbeider med initiativ til felles utviklingsprosjekt som kan finansierast vi Forskingsrådet si store satsing: Brukarstyrt Innovasjonsarena.*

*Reiselivsatsinga i Gode Sirklar, Kysteventyret, har posisjonert regionen som eigen destinasjon i Hordaland. Det er teke initiativ til ein dialog med Bergen reiselivslag om utvikling av ein felles organisasjon med fokus på kystreiselivet. Dette er knytt til den omorganiseringsprosessen som Hordaland Fylkeskommune har sett i gong. Etableringa av VNR Handel og reiseliv styrkjer reiselivsnæringa og samarbeidet med handelsnæringa i heile regionen.*

*Satsinga på utdanning koplta til behov i nærings- og arbeidsliv vært no ført vidare gjennom eit styrka samarbeid mellom Sotra Vidaregåande og kommunane (grunnskulane). Samstundes er det sett i gong ein dialog med Høgskulen i Bergen og Sotra vidaregåande skule. Fleire tema er komne i fokus: Kva rolle skal utdanninga ha i nærings- og samfunnsutviklinga i regionen? Kva rolle skal utdanningsinstitusjonane ha ved etter- og vidareutdanning av vaksne?*

*Gode Sirklar hadde reduserte økonomiske rammer i 2014. Det har medført stram prioritering av regionale prosjekt og initiativ. Fjell og Øygarden satsar offensivt på å bruka Gode Sirklar: Øygarden til å implementere fleire av dei vetekne tiltaka på bakgrunn av «Framtidsstudien» i 2013, og Fjell kommune til vidare satsing på helse- og omsorgsprosjektet "Sjef i eige Liv". Denne satsinga er og næringsutvikling: ambisjonen er at private bedrifter og tenesteytarar skal vere med og dekkje sentrale behov for at fleire eldre skal kunna bu lenger i eigen heim. Satsinga vekker stor interesse nasjonalt og internasjonalt.*

*Sigmund Kvernes, Dagleg leiar i Gode Sirklar AS*



## NÆRINGSUTVIKLING

- *Gode Sirklar sitt innsatsområde næringsutvikling skal bidra til å dekke kompetanse og kunnskapsbehov for innovasjon og utvikling i næringer og verksemder som er berekraftige og som skaper økonomisk vekst*
- *Vi prioriterer energinæringa, som i aukande grad inkluderer fornybar energi, marin næring og reiseliv og kulturbasert næring*
- *Vi har eit spesielt fokus på små og mellomstore verksemder og ulike former for samhandling mellom desse, basert på felles behov eller lokalisering*
- *Gode Sirklar har ansvar for regionen si etablerarteneste, som vert utvikla og drive i samarbeid med kommunane og NAV*



## - Vi har fått utruleg god etablerarhjelp



*Astrid Møgster (t.h) og Lilian Ekerhovd i LA Regnskap AS.*

Så vellukka er etablerarhjelpa i Fjell, at tenesta vert modell for andre kommunar i Hordaland. Nystarta LA Regnskap AS er gründerar som har fått hjelp via Gode Sirklar.

I tredje etasje i Straumeparken, vegg i vegg med Høgskolen i Bergen si subsea-utdanning, sit Astrid Møgster og Lillian Ekerhovd. Saman starta dei si eiga verksemd i 2014.

- Vi har fått svært god hjelp og god oppfølging frå Gode Sirklar, ikkje minst når det gjeld marknadsføring og sal – som er heilt nye fag for oss. Rekneskap kan vi, men sal er framleis ei utfordring som vi kan bli mykje betre på, seier gründerane, som har fått inspirasjon, råd - og mange tankevekkjarar.

### **Meir entreprenørskap, takk!**

Gode Sirklar driv etablerarteneste for kommunane Fjell, Sund og Øygarden og bidreg med fagleg rådgjeving til etablerarar som ofte er tilvist frå servicetorga, nav og andre i førstelina. I ei årrekke har Hordaland fylkeskommune, kommunane og Gode Sirklar hatt fokus på kompetanseheving hjå førstelinetenesta for å betre tilbodet til nyetablerarar og slik stimulere til meir entreprenørskap og innovasjon.

Gode Sirklar vert rekna som ein del av førstelina, dei første som møter nyetablerarar. Her skal etablererane få orientering om ulike private, kommunale og statlege tenestetilbod til gründerar og entreprenørar og dei må kunne vise til rett verkemiddelapparat – rett instans, kontaktperson eller kurs.

### **Ser til Fjell**

Flere miljø peikar på trong for ei betre koordinert og synleg teneste, dette er eit av satsingsområda i Regional næringsplan for Hordaland 2013 – 2017.

Då saka om «Framtidig organisering av etablerar-rettleiingstenesta i førstelina i Hordaland» vart handsama av Fylkestinget i 2015, var det vist til at Fjell kommune har ry på seg for å vere ein kommune med ei kompetent og velfungerande etablerarteneste i førstelina.

- Vi meiner at Fjell har ei svært god førsteline, slik vi definerer førstelina: servicetorg og mottak. Nær innbyggjarane og lett tilgjengeleg, med gode ordningar for oppfølging av den enkelte som tek kontakt. Det seier Jorunn Gjørvad i regionalavdelinga for næring i Hordaland fylkeskommune.

- Vi er imponerte over måten Fjell løyser dette på og prinsippa frå Fjell er lagt vekt på i arbeidet med etablerar-rettleiingstenesta i førstelina i Hordaland, seier Gjørvad.

Etablerarforum Vest er eit nettverkstilbod med jamlege samlingar i regi av Gode Sirklar, der dei som arbeider i førstelina utvekslar erfaringar og får påfyll av kunnskap.



## Saman om eit «vindmølleprosjekt»

- Når det stormar som verst bygger nokon leveggar medan andre bygger vindmøller. Dette er ei vindmølle, seier aktørane bak nysatsinga Sotra Industrial Group (SIG).



*F.v: Trond W. Nilsen (SOCON), Hanne Sekkingstad (Ågotnes Sveis) og Torstein Pedersen (Sotra Piping) i styringsgruppa som jobbar med etablering av ei felles industribedrift for eit tital bedrifter på Sotra.*

Først etablerte verkstadmiljøet Sotra Engineering for å sikre tilgang på kompetanse, så vart industrirøyrleggjar-verksemnda Sotra Piping realisert. No tek verkstadmiljøet på Sotra samarbeidet eit steg vidare, med konkrete planar om etablering av Sotra Industrial Group (SIG).

Motvinden i oljenæringa krev nytenking. Eit tital bedrifter på Sotra vurderer å gå saman om nyetableringa. Selskapet vil framstå som totalleverandør for oljeselskap og andre, målet er fleire langsiktige leverandøravtalar og betre tal på botnlina for eigarbedriftene.

- Eg trur mange selskap ikkje er klar over den kompetansen som finst i miljøet her, vi treng å marknadsføre det, seier Trond W. Nilsen i SOCON, leiar for VNR Verkstedgruppen.

### **På gang sidan 2014**

I 2014 vart det utvikla ein felles marknadsstrategi i styret i VNR Verkstedgruppen. Ei kartlegging synte stor interesse for den type tiltak blant medlemene i VNR Verkstedgruppen. Bransjegruppa i Vest Næringsråd er ei vidareføring av Gode Sirklar sitt arbeid.

- Målsetnaden var å utvikle nye marknader og auke innteninga for kvar enkelt bedrift og slik stå betre rusta til å møte lavkonjunktur og nedgangstider. Det viste seg å kome tidlegare enn vi tenkte oss, seier Moldskred.

### **Skapt av Gode Sirklar**

Kompetanseforum Vest er eit ektefødd born av Gode Sirklar, som vart losa trygt inn i Vest Næringsråd og endra namn til VNR Verkstedgruppen i 2012. Bransjegruppa er så velfungerande at ho er blitt modell for to andre grupper; VNR Maringruppen og VNR Handel og Reiseliv.



Oppfølging av nettverka er prioriterte oppgåver for Gode Sirklar, i tråd med vedtekne planar.

- Dette hadde aldri i verda eksistert utan Gode Sirklar, og samarbeidsmessig hadde vi ikkje vore i nærleiken av å oppnå det vi har klart utan fødselshjelp frå Gode Sirklar. Næringslivet treng ein objektiv part som kan trekke i trådar og vere katalysator, eit kontaktpunkt mot kommunen, seier Trond Wisnes Nilsen i Sotra Contracting – SOCON. Han er leiar for VNR Verkstedgruppen

### «Miniklynge»

Verkstadgruppa har hausta merksemd i olje- og gassnæringa for sitt samarbeid, mellom anna med fellesstand under oljemessa OTD i Stavanger. Næringslivet i regionen har ikkje hatt tradisjon for å samarbeide og mange oppdrag har gått tapt. Konkurransen frå Stavanger, som har vore betre på samarbeid, har vore merkbar for leverandørane i Ågotnes-klynga. Saman er ein sterkare, peikar Wisnes Nilsen på.

Prinsippa er dei same som med NCE Subsea, men i langt mindre skala. Det er blitt ei klynge av verkstadbedrifter. Medlemene møtest på Industrikafe fire gonger i året og tilliten har kome litt etter litt, fortel Moldskred.

## NCE Subsea

# Dempar oljekrisa med innovative tiltak

Saman med HOG Energi har Gode Sirklar sett i gang tiltak som skal lette omstillinga i petroleumsnæringa, mellom anna eit kompetansesamarbeid mellom NCE-klynger.

Tiltaket er forankra i Business Region Bergen sin strategiske næringsplan for Bergensregionen.

Med hjelp frå Gode Sirklar er det mellom anna formalisert eit kompetansesamarbeid mellom NCE Subsea og NCE Raufoss. Samarbeidet resulterte i 2014 med eit felles seminar med LEAN-metodikk og effektivisering i fokus for medlemene til NCE-klyngene. Eit nytt seminar står for tur i juni 2015.

- Koblinga mellom klyngene er ein del av dei grepa vi no tek for å mobilisere fleire aktuelle bedrifter til å søke om nasjonale BIA-midlar (Brukerstyrt Innovasjonsarena). Her er det mykje pengar å hente til innovasjonsprosjekt: 900 millionar kroner, opplyser dagleg leiar Sigmund Kvernes i Gode Sirklar.

- Gode Sirklar har vore ein fasilitator og eit bindeledd mot SINTEF. Vi har fått gode innspel frå Gode Sirklar, seier CEO Owe Hagesæther i NCE Subsea.

Kompetansesamarbeidet er teke med som eit viktig argument i begge NCE-klyngene sine søknader om GCE-status (Global Centre of Expertise), som vert handsama i sommar.

Frå Business Region Bergen sin strategiske næringsplan:

- **Tiltak 14: Omstilling og endring i petroleumsnæringa**

«Som følge av registrerte omstillingsbehov i olje- og gasssektoren i Bergensregionen vil det være viktig å ta et aktivt grep for å vurdere mulige nasjonale virkemidler. Problemstillingen er aktuell for alle kommuner i regionen som har et næringsliv som er tett knyttet opp til petroleumsnæringa. Gjennom tiltaket ønsker en å mobilisere aktuelle bedrifter gjennom «Brukerstyrt innovasjonsarena» (BIA) som virkemiddel. Konkret ønskes oppstart første halvår 2015, med sikte på å søke om BIA-midler oktober 2015. Prosjektet må ses i sammenheng med pågående samarbeidsprosjekt mellom HOG Energi og Hordaland fylkeskommune med å analysere situasjonen for SMB-leverandørbedrifter i petroleumsnæringa, og på bakgrunn av de foreslå avhjelpende tiltak. Tiltakseier: Gode Sirklar og HOG Energi»

## Nysatsing på marin næring

Korleis få til sterkare vekst i sjømatnæringa i regionen Sotra og Øygarden? Gode Sirklar tek opp at arbeidet med den marine næringa i eit heilt nytt prosjekt.



*Frå visningsanlegget til Blom Fiskeoppdrett/Kystmuseet.*

- Dette er ei revitalisering av tidlegare arbeid for å stimulere til framdrift og utvikling i den marine klynga. Tidlegare erfaringar vil bli tekne med vidare, seier dagleg leiar Sigmund Kvernes i Gode Sirklar.

Selskapet har tidlegare gjort eit omfattande arbeid knytt til marin næring. Mellom anna vart Sotra Marine Industrinettverk (SMI) etablert som ein møteplass for bedrifter, men det har ikkje vore nokon aktivitet dei siste åra.

Nettverket vart innlemma som ei bransjegruppe i Vest Næringsråd i november 2013, etter modell av VNR Verkstedgruppen. Av ulike årsaker vart det berre gjennomført ei samling i VNR Maringruppen. I samråd med VNR tek Gode Sirklar opp att arbeidet i eit heilt nytt prosjekt.

- Vi skal finne ut kva som må til for å oppnå sterkare vekst. Dette kan føre med seg overordna målsetningar for sjømatnæringa i regionen og konkrete tiltak retta mot den einskilde bedrift eller gruppevis, sier prosjektleiar Arnt-Ivar Kverndal i Gode Sirklar.

Han meiner det ligg gode moglegheiter for å få stønad frå verkmiddelapparatet til det regionale prosjektet. Ein er i ein tidleg fase av kartlegginga, som vil omfatte samtaler med alle aktørane kvar for seg.

VNR Maringruppen – tidlegare Sotra Marine Industrinettverk, har vakse fram som eit resultat av fleire år med arbeid for å fremje samarbeid i den marine næringa, leia av Gode Sirklar. Det har vore låg aktivitet i VNR Maringruppen sidan etableringa.

Oppfølging av gruppa har vore eitt av punkta i Gode Sirklar sin vedtekne tiltaksplan for 2014.



## Handel og reiseliv finn saman



Koplinga mellom reiselivsaktørane og handelsnæringa i regionen har vore ein stor suksess, med rekorddeltaking då kinoen og vitensenteret opna nyleg.

VNR Handel & Reiseliv vart etablert som ei bransjegruppe i 2014, etter modell av VNR Verkstedgruppen (som er ei vidareføring av Gode Sirklar sitt arbeid).

Bransjegruppa for handel- og reiselivsnæringane har på kort tid utvikla seg til å bli ein attraktiv møteplass, på tvers av næringane. Bransjetreffet med «sniktitt» av SF Kino Sotra og Vil Vite Sotra like før opninga i mai 2015 hadde rekorddeltaking. Kinoen og vitensenteret er nye reisemål i regionen.

- VNR Handel & Reiseliv har stor breidde og mange ulike medlemmer, flinke aktørar på kvar sine område. Anten det heiter «vertskapsfunksjon» eller «service» så har næringane mykje til felles. Tilbakemeldingane frå aktørane er at dei har stort utbytte av samlingane, seier prosjektleiar Line Steinsland Mosnes i Kysteventyret.

### Nettverk

Ho legg til at det er stort behov for denne typen møteplass i vår regionen, der ein kan lære av kvarandre og samhandle på ein effektiv måte. Samstundes er det ein arena for påfyll av kompetanse knytt til felles utfordringar, seier ho.

- Det er aukande krav til bransjenøytralitet. Handel og reiseliv er dynamiske bransjar som må vere endringsdyktige, legg ho til og illustrerer behovet for ein møteplass: 65 påmeldte deltakarar ved førre bransjesamling.

I styret sit representantar frå alle tre kommunane, frå begge næringane. Den første samlinga fann stad i juni 2014 og vart knytt til by- og sentrumsutviklinga på Straume. Det har òg våre samlingar på Fjell festning og på Panorama Hotell & Resort.

### **Kysteventyret – tett på aktørane**

Hordaland er mykje meir enn fjord og fjell. Havørnsafari, fjellklatring, kajakkpadling, sykling og vandring er berre nokre av aktivitetane ein kan oppleve langsmed kysten. Her kjem Kysteventyret inn – med store havopplevingar berre ein kort køyretur frå Bergen.

Kring 80 aktørar, små og større, driv reiselivsrelatert verksemd i regionen. Kysteventyret administrerer dette arbeidet gjennom Gode Sirklar, som ein medlemsorganisasjon. Det skjer i samarbeid med Vest Næringsråd i Sartorgården, tett på utviklinga av regionens kanskje største framtidige reiselivsdestinasjon: Sotra Kystby.

### **Ei brikke i «kystturismen»**

Fiskarbondens Marknad er eit produkt av Kysteventyret og har utvikla seg frå å vere ein utsalsstad for lokale mataktørar, til ein veletablert og berekraftig marknad som er vidareført gjennom Sartor Storsenter. Desember 2014 vart det arrangert ein stor tyskinspirert julemarknad, som skal bli ein tradisjon og eit reisemål i regionen.

Reiselivsatsinga som vart starta opp av Gode Sirklar i 2009 er ikkje lenger berre eit prosjekt. Kysteventyret er ein sub-destinasjon av Bergen Reiselivslag, og er synleg i alle dei «rette» kanalane lokalt, regionalt og nasjonalt, til dømes Visit Norway, Fjord Norge og Norgeskampanjen.

Kysteventyret posisjonerer seg mot ei rolle i «kystreiselivet» i Hordaland. Til dømes gjennom «Kystprosjektet» saman med destinasjonsselskapa: visitBergen og visitSunnhordland. I tillegg til årlege driftsmidlar bidrar Hordaland fylkeskommune med midlar til kystprosjektet.



*Foto: Gaute Hatlem/Kysteventyret.no*



## Samlar Øygarden om sykkel-VM

Med hjelp frå Gode Sirklar er Øygarden kommune i gang med å realisere ei rekkje tiltak for å skape ny business, mellom anna knytt til sykkel-VM i 2017. Det er Rong senter glad for.



*Senterleiar Jeanett Hetlevik er positiv til kommunen si satsing, basert på «Framtidsstudien 2020».*

Korleis skal Øygarden nytte sykkel-VM Bergen 2017 til å utvikle næringslivet og bumiljøet i kommunen? Det er eitt av tiltaka i ein vedteke handlingsplan basert på «Framtidsstudien 2020».

- Dette arbeidet er i ein tidleg fase og det gjenstår å få organisasjon og prosjektplan på plass. Vi jobbar med ein kickoff der vi ønskjer å samle ulike interessentar. Det er viktig at Øygardssamfunnet kjenner eigarskap til arrangementet, seier prosjektleiar Arnt Ivar Kverndal i Gode Sirklar.

### Start frå Tjeldstø

Når TV-bileta frå Øygarden vert viste for 300 millionar TV-sjåarar, under startskotet for herrene sitt lagtemporitt frå Tjeldstø, skal Rong senter vise seg frå si beste side. Det seier senterleiar Jeanett Hetlevik i Rong senter. Ho manar til samarbeid for å nytte potensialet som ligg i det største sommaridrettsarrangementet Noreg har arrangert nokon sinne.

- Dei som kjem langvegs frå forsvinn att når sykkel-VM er over, utfordringa er å skape noko som kan vere berekraftig, samstundes med at ein klarer å hente ut potensialet i tida før og under arrangementet. Vi ønskjer mellom anna å etablere «Øygardstorget», ein utandørs sommarmarknad a la «Fiskarbondens marknad», fortel ho.

## Ny møte-arena

Øygarden er ein av dei sterkaste vekstkommunane i landet. Med Gode Sirklar sin hjelp skal kommunen bli meir enn ein god bukommune. Varige arbeidsplassar, eit variert og bærekraftig næringsliv – i tillegg til høg buattraktivitet er stikkord for satsinga basert på «Framtidsstudien 2020».

Kommuneleiinga har vore sterkt involvert i arbeidet, som tok til i starten av 2014, og det har vore god dialog med næringslivet lokalt og regionalt. Mellom anna er det arrangert to vellukka næringskveldar, der mellom andre Rong senter har delteke.

- Det er skapt ein fin møte-arena for å knyte kontakt med kvarandre, med gode innleiarar. Eg har hatt stort utbytte av desse kveldane, seier Hetlevik. Ho meiner det er særst positivt at kommuneleiinga har vore tilstade.

Øygarden kommune har i 2014 gjort ein omfattande jobb med å få dei viktige strategiske dokumenta på plass. Framover vil det handle om å gjennomføre tiltaka og nå målsetnadene.

## Fakta

- Øygarden kommunestyre har på bakgrunn av "Framtidsstudien 2020" vedteke mål og strategiar. Det er utarbeidd ein handlingsplan for 2014, med konkrete tiltak som skal realiserast med hjelp frå Gode Sirklar. Gjennomføringa er i gang, første møtet med styringsgruppa vart gjennomført våren 2014



## Minneord etter Otto Harketstad

*I desember fekk vi den triste meldinga om at Otto Harketstad var død. Berre nokre få dagar før han døydde, snakka eg med ein vital og opplagt Otto. Han var klar til å få budsjettet i hamn og ta fatt på ein ny periode i lokalpolitikken. Men brått var Otto borte.*

*Vi har sett på Otto Harketstad som ein markant og god politisk leiar for Øygarden kommune. Han var ein samlande politisk leiar for heile regionen, og han har sett mange spor etter seg. Otto var medlem av styret i Gode Sirklar, og vi sette stor pris på den erfaringa og kunnskapen han representerte. Det er eit stort tap for Øygarden-samfunnet og regionen at han no er borte.*

*Otto Harketstad var den av oss noverande ordførarar i regionen som hadde lengst erfaring som ordførar. Han hadde historia, og dermed hadde han ein unik kvalifikasjon når vi skulle konkludere i utfordrande saker som involverte fleire kommunar og aktørar. Han krydra ofte samværa med ein god historie og hadde evne til å «gripa situasjonen» når det var naudsynt.*

*Vi opplevde det trygt å vere saman med Otto. Han var ein leiar med karisma som inviterte til god dialog. Det var alltid lett å snakke med han, anten det var dei daglegdagse tinga eller det som utfordra oss i politikken. Otto var raus og ein vidsynt politikar som var stolt av kommunen sin, den lokale identiteten og språket. Vi saknar Otto som ein nær og god kollega.*

*Eli Årdal Berland*

*Styreleiar i Gode Sirklar*

## Hellesøy – meir enn ei perle i havgapet

Folket ønskte å snu fråflyttinga i bygdene lengst nord i Øygarden. I 2014 vart det sett i gang ein stor snuoperasjon som mobiliserer og engasjerer heile lokalsamfunnet.



Med pengar frå fylket og hjelp frå kommunen og Gode Sirklar, skal dei tre bygdene som har adressa 5334 Helleøy: Hjelme, Sæle og Helleøy, bli ein attraktiv stad å bu og arbeide. «Frå liten industristad anno 1990 til attraktiv landsby ved havet anno 20134», heiter det i prosjektskilnaden.

### Eit utviklingsprosjekt

Prosjektet vart starta opp i 2014, gjennom «Liv&Lyst-programmet» i regi av Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen og Innovasjon Noreg med tilsegn om 100.000 kroner i midlar årleg i tre år. Målet er å stimulere til entreprenørskap og berekraftig næringsutvikling, samt auka bulyst og trivsel.

Tiltaka omfattar mellom anna utvikling av nærbutikken og etablering av kafe-tilbod, reparasjon av Nothengjo, samt ny havn og ei rekkje sosiale tiltak: mellom anna fotoklubb og laurdags kafé.

- Prosjektet har skapt større medvett hjå folket kring den endringsprosessen som vi er i gang med, og vi ser allereie effektar i form av auka bulyst og trivsel - og interesse for prosjektet. Desse effektane er viktige for det langsiktige arbeidet, seier prosjektleiar Terje Nilsen i Nærmiljøutvalet Bakken krins (5334 Helleøy).

### Ny kafe og pub

Butikken har aukande omsetnad. Nye eigarar med lokal tilknytning har gjeve signal om at dei ønskjer å starte opp kafe og pub i lokala etter at Helleøy Mat & Vin la ned i mars 2015.

Arbeidet med nothengjo ligg etter skjema. Planen var at «Hengjos venner» skulle overta hengjo og setje i gang utvendige «nødreparasjonar» i 2014.

- Vi ventar på ei avklaring mellom kommunen og grunneigarane om overtaking av eigedomane rundt hengjo. Det er ikkje heilt avklara om Kystmuseet skal eige hengjo eller om det vert skipa ei stifting som skal stå som eigar, fortel Nilsen.



## UTDANNING

- *Gode Sirklar har tidlegare teke initiativ til ei satsing på heile skuleløpet, frå barnehage til høgare nivå, og mottok betydelege midlar til satsinga i perioden 2006-2009. Nybrottsatsinga hausta stor merksemd og gode tilbakemeldingar, ikkje minst frå stortingsgrupper og statssekretærar*
- *Arbeidet har til dømes gjeve grunnlag for innføring av Arbeidslivsfaget på ungdomstrinnet i alle skular i landet frå hausten 2012. Fjell ungdomsskule har vore ein pilot i utprøvinga av faget*
- *Målet har vore å utvikla kompetansearenaer der skulane, føresette og næringslivet samarbeider, samt å skape undervising som involverer og motiverer. Betre kopling mellom skule, samfunn og lokalt næringsliv skal stimulere til yrkesval som sikrar rekrutteringa i regionen*
- *Eitt av tiltaka i Business Region Bergen sin strategiske næringsplan for 2015-2016 handlar om å overføre erfaringane til andre kommunar i Bergensregionen. Målet er å auke kompetansen hjå elevane knytt til utdanningsval*





# Ein kunnskapsby i emning

Satsinga på kunnskap for å dekke framtidige behov i næringsliv og samfunnsliv er i ferd med å bli merkevaren til regionen Sotra og Øygarden.

- Satsinga på kunnskap for å dekke behova, i samhandling med styresmakter, utdanningsinstitusjonar og næringsliv, er i ferd med å bli ein merkevare for regionen. Det meiner dagleg leiar Sigmund Kvernes i Gode Sirklar.

Han meiner dette vart demonstrert på konferansen «Kunnskapsbyen», i regi av Sotra vidaregåande skule, Vest Næringsråd og Gode Sirklar 12. mars 2014, med kring 50 deltakarar frå offentleg og privat verksemd.

- Vi ønskjer å vere ein samfunnsaktiv skule der næringslivet vert brukt som opplæringsarena. Vi vil vi sjå på kva vi kan få til vidare, saman med ungdomsskulane, og vil invitere til ein ny workshop hausten 2015. Det er naudsynt å få med lærarane for god forankring, seier rektor Erik Strøm ved Sotra vidaregåande skule. Han vil ha Gode Sirklar med vidare som fasilitator/tilretteleggjar.

## Grip «energiskole»-sjansen

Fleire private aktørar ønskjer å satse på kunnskap og kompetanse knytt til byutviklinga på Straume og Bildøyna, og fleire samarbeidsprosjekt mellom skulesektoren og næringsliv er sett i gang i løpet av 2014.

- Å kople kunnskap og utdanning til utviklinga av Sotra Kystby vil føre til at vi blir synlege nasjonalt. Samstundes må vi sikre at denne satsinga gjev positive ringverknader i heile regionen vår, utover regionsenteret, sier Kvernes.

- Det er viktig at vi samhandlar for å få etablert Sotra vidaregåande skule som ein «energiskole» i Science City Bergen, legg han til. Han understrekar at det er viktig å ta med ungdomsskulane i utviklinga av Sotra vidaregåande skule.

Science City Bergen er eit energisamarbeid mellom ei rekkje aktørar knytt til forskning, utdanning, næringsliv og samfunn innan energi og teknologi, for å styrke posisjonen til Hordaland som energifylke nasjonalt og internasjonalt. Eitt av fire prosjekt er å etablere tre «energiskoler». Science City Bergen er forankra i Business Region Bergen sin strategiske næringsplan for 2015-2016.

Sotra vidaregåande skule har allereie teke ein posisjon i energifeltet, med Teknologilina og eiga energimesse. Regionen har tidlegare utmerkt seg nasjonalt med satsinga på praksisnær læring, eit omfattande Gode Sirklar-prosjekt som tok for seg heile skuleløpet frå barnehage til høgskole- og universitetsnivå. Arbeidet resulterte mellom anna i ein meir praktisk retta nasjonal læreplan for valfag på ungdomssteget.

## «Nye» Sotra vidaregåande skule

Konferansen handla i første rekke om nye Sotra vidaregåande skule. Skulen ynskjer å få ei avklaring om framtidig organisering før rehabilitering av skulen på Bildøy skal starte i tidsrommet 2017 – 2020. Målet var å få fylkeskommunen og andre på bana.

Signala frå fylkespolitikarane som var til stades var at det i stor grad er opp til regionen sjølv å legge føringane, og at vidare avgjerder frå fylket heng saman med innspel frå regionen. Både Fjell-ordførar Eli Berland (H) og Nina Glesnes (Ap) i Sund tok til orde for at det er viktig å oppnå snarleg semje i regionen.

## Berre statistikk eller reelle tal?

Kor blir det av dei ungdomane som fell ut av vidaregåande skule? Kva gjer dei og er tala i fråfall-statistikken reelle? Det skal kartleggjast gjennom eit prosjekt i regi av Gode Sirklar.



Statistikk fortel at svært mange droppar ut av vidaregåande skule - men er tala reelle? Finn vi elevane att i arbeidslivet eller endar dei opp hjå Nav? Startar dei på ny utdanning etter nokre år?

### Auka kunnskap om fråfall

Eit Gode Sirklar-leia prosjekt tek sikte på å finne svar på desse spørsmåla og auke kunnskapen om kva for faktorar som spelar inn. Prosjektet vart sett i gang hausten 2014. Skulesjefane i dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden, samt rektor på Sotra vidaregåande skule er mellom deltakarane i prosjektgruppa.

Det er semje om at ambisjonen er å få fleire ungdomar til å sjå verdien av å fullføre eit 13-årig skuleløp.

- Vi har tal på kor mange som fell frå, men ikkje kvifor. Ein ønskjer å kartleggje årsaker og deretter ta tak i dei utfordringane som blir definerte, fortel Siri Mordal. Ho jobbar med skuleforskning i SINTEF og leiar prosjektet for Gode Sirklar.

### Ser bak tala

Kvifor droppar dei ut – hamna dei berre på feil hylle eller er det noko i kulturen vår som bidreg til desse negative tala?

For å finne svara vil ein sjå bak tala og spore opp tidlegare elevar og stille spørsmåla til dei det gjeld. Dette krev samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Mordal legg til at ein har dialog med fylket for å finne gode løysingar for dette.

Målet er at kartlegginga skal resultere i konkrete tiltak for å få ned fråfallet. Prosjektet må ha eit langsiktig perspektiv og omfatta heile gruppa som fell frå. Det innleiande arbeidet skal vere grunnlag for å søke eksterne midlar; prosjektmidlar og midlar til forskning.

## Vil vere fremst i løypa

Fjell banar veg for eldre i framtida med innovative løysingar som skal bidra til ein best mogleg alderdom for eldre langt utover kommunegrensene.



*AKTIV+: Kvar tysdag møtest unge og eldre seniorar i Sotra Arena til felles aktivitetar og samvær.*

- Eg går tur uansett, men kjem hit for det sosiale. Eg treff mange kjente her og det er kjekt å gå tur saman med andre òg. Det hadde vore fint med fleire aktivitetar å velje mellom, seier Turid Myseth (73). Den pensjonerte hjelpepleiaren meiner ho har vore heldig som stort sett er frisk.

Aktiv+ er eit av fleire tiltak som er realiserte gjennom prosjektet «Sjef i eige liv».

### Føregangskommunar

Med ei forventa auke på tre gonger så mange eldre i 2040 enn i dag, står Fjell kommune framfor store utfordringar i åra som kjem. Saman med Gode Sirklar førebur kommunen seg på eldrebølgja gjennom prosjektet «Sjef i eige liv», som vart samrøystes vedteke i kommunestyret i desember 2012.

- Vår visjon er at Fjell kommune skal bli ein av dei beste kommunane i landet å bu i for eldre, der dei får rett hjelp til rett tid av serviceorientert, kompetent helsepersonell, og der private og frivillige aktørar spelar ei viktig rolle i det totale tenestetilbodet, seier prosjektleiar Janne Mo i Fjell kommune.

Fjell samhandlar med mange ulike aktørar for å nå visjonen, til dømes med Lindås kommune, som er kome svært langt når det gjeld implementering av velferdsteknologi.

Fleire milepælar er nådd. Folkehelsetiltaket Aktiv+ i Sotra Arena er eit samarbeidstiltak mellom 7 frivillige organisasjonar, Fjell Frivilligsentral og kommunen. Tal deltakarar er 60-100 kvar tysdag.

- Oppslutnad om tilbodet kan tyde på at etterspurde behov frå seniorar vert møtt på ein god måte. I tillegg ser vi at samarbeid mellom kommune, frivillige og private aktørar er mogleg å få til. Aktiv+ er eit godt døme på nettopp dette samspelet.

### Milepælar i 2014



- I 2014 har vi hatt fokus på å bygge samarbeidsrelasjonar med private og frivillige aktørar. Kommunen formidlar behova og legg til rette for at desse aktørane i større grad kan levere tenester, seier Mo.

Valfaget «innsats for andre» er realisert på ungdomsskulane og viste seg å vere svært populært, fortel Mo. Ho er særst nøgd med at 40 elevar valde dette faget.

Samarbeid med Tremorkirken og Bibelskolen om hjelpetenester er godt i gang og det vert arbeidd med å tilrettelegge transport som gjer det mogleg for eldre å reise kvar ein vil i kommunen når ein ønskjer det.

Eit samarbeid med Sartor Storsenter tek sikte på at det skal vera enklare for eldre å handle sjølv og gjera handleturen til ein sosial møtestad. Samarbeidet omfattar alt frå praktisk handlehjelp, spesialtilbod i butikkar og serveringsstader, samt opplevingar, til dømes kino, seniorsenter og bibliotek.

Eit anna satsingsområde er etablering av ein døgnbemanna aksjonsentral, som etter planen skal etablerast når det nye lokalmedisinske senteret står ferdig i 2019. Her skal eldre som treng det få informasjon og hjelp til alt frå straumbrot, hagestell og følgetransport.

### **Velferdsteknologi og nye næringsområder**

- Fjell kommune er i gang med realisering av delar av «Sjef i eige liv», men mykje gjenstår før vi når måla. Tida fram til bygging av nytt lokalmedisinsk senter og etablering av døgnopen aksjonsentral må derfor nyttast godt, seier Mo.

«Sjef i eige liv» vil få innverknad på heile samfunnsutviklinga i Fjell, og skape marknad for nye næringsområder knytt til teknologi og produktutvikling. Ein visningsbustad på Straume er utstyrt med alle tenkelege hjelpemiddel som er tilgjengelege i dag. Her får tilsette i Fjell opplæring.

I førprosjektet fekk ein kartlagt alle behov og det vart peika ut satsingsområder. Ein reknar med oppstart av hovudprosjekt for «Sjef i eige liv» seint på hausten i 2015.



## Styret si årsmelding for 2014

*Gode Sirklar AS har i 2014 drive nærings- og samfunnsutvikling gjennom prosjektverksemd i kommunane Sund, Fjell og Øygarden.*

*Næringsutvikling i Gode Sirklar AS vert drive gjennom bedrifts- og bransjeretta aktivitetar og stadutvikling. Selskapet si rolle er å tilføre og kople kunnskap og kompetanse frå forskings- og kompetansemiljø til lokale og regionale behov i samskaping med lokale verksemd, kommunane og andre interessentar som etterspør nettverk og samarbeid med eksterne kunnskapsmiljø. Gode Sirklar er lokalisert i Rådhuset i Fjell kommune.*

*Gode Sirklar, som er eigd av kommunane Sund, Fjell og Øygarden, har ingen tilsette, men vert tilført personressursar gjennom ei avtale med SINTEF. Gjennom avtala har SINTEF engasjert dagleg leiar, og personressursar basert på behov i prosjekt. Personressursane kjem frå SINTEF, frå andre kompetanseinstitusjonar og sjølvstendig næringsdrivande, lokalt, regionalt og nasjonalt.*

*Selskapet har utvikla fleire nettverksprosjekt mellom små og mellomstore verksemd i regionen, som vert følgd opp over fleire år, ved etablering av samarbeid mellom verksemd i regionen og med Vest Næringsråd (VNR). VNR Verkstedgruppen, som er eit av nettverka, har m.a. stimulert til etablering av eit nytt selskap, Sotra Piping AS. Sotra Industrial Group, som er etablert av omlag 10 av bedriftene i nettverket, vil vera ein totalleverandør for kundar i fleire bransjar.*

*Det vert arbeidd med vidare utvikling av samarbeid i VNR Marinegruppen (tidelgare Sotra Marine Industrinettverk). NCE Subsea får oppfølging på ulikt vis gjennom til dømes satsinga på ingeniørutdanning innan undervasssteknologi, som Høgskolen i Bergen har etablert. Gode Sirklar har lagt til rette for eit formalisert samarbeid mellom NCE Subsea og NCE Raufoss for å styrkja dei gjensidig på fleire kompetanseområde.*

*Satsing på reiselivsnæringa held fram i samarbeid med VNR i prosjektet Kysteventyret, som blir rekna som ein subdestinasjon i Hordaland med økonomisk stønad frå Fylkeskommunen. I VNR har handelsbedrifter og reiselivsbedrifter gått saman og etablert VNR Handel og reiseliv. Det har vore arbeidd for at Kysteventyret skal bli ein del av ein større organisasjon der Bergen Reiselivslag er sentral part, og som femner om større delar av kysten i Hordaland og Bergen.*

*Gode Sirklar driv etablerarteneste som førstelineteneste med stønad frå Hordaland fylkeskommune. Servicetorga har utvikla kompetanse som gjer dei sentrale i dette arbeidet.*

*Arbeidsmiljøet er godt. Personale er engasjert ut frå behov i avgrensa prosjekt. Styret har no 5 kvinner og 1 mann. Selskapet har stor breidde i kompetanse og erfaring hjå dei som er engasjerte i verksemda. Av 16 personar som har vore engasjert, er 9 kvinner. Selskapet har retningsliner som tek sikte på at det ikkje skal framkoma forskjellsbehandling grunna kjønn.*

*Omsetninga i Gode Sirklar AS i 2014 var kr 2.393.590,- mot kr 2.618.644,- i 2013.*

*Årsresultatet er kr – 339.529,- i 2014 mot kr – 799.050,- i 2013. Det er ikkje betalt skatt i 2014. Eigenkapitalen er pr. 31.12.2013 kr - 11.503.247,-. Såleis er heile aksjekapitalen tapt. Selskapet har ei langsiktig gjeld til Fjell kommune på kr 10.000.000,-.*

*Kommunestyret i Fjell gjorde 28.10.2010 vedtak om å gjera om lånet på 10.000.000,- til aksjekapital under føresetnad av at dei andre eigarane over tid gjer tilsvarande i høve til deira eigardel. Kommunestyret i Øygarden vedtok 22.09.2010 å styrkje eigenkapitalen til Gode Sirklar AS og at kr 5.000.000,- skal utbetalast til selskapet. Øygarden kommune tilførte kr 2.500.000,- våren 2012 for å styrkje eigenkapitalen og kr 2.500.000,- vil bli utbetalt i 2015. Sund kommune har gjort slikt vedtak: "Kommunestyret vedtek å nytta MNOK 5 til å styrka eigenkapitalen til Gode Sirklar AS. Midlane vert dekka frå ubundne investeringsfond. Før midlane vert overførde, må nye styringsdokument for selskapet liggja føre og vera*

godkjende av Sund kommune." Reviderte styringsdokument, med innarbeidd endringsframlegg til vedtekter frå Sund kommune, er godkjente i Sund, Øygarden og Fjell kommunar.

I tråd med aksjelova § 3-5, "Handleplikt ved tap av eigenkapital", vurderer styret, med dei vedtak og intensjonar eigarane viser for å styrkja eigenkapitalen i 2013, risikoen knytt til den negative eigenkapitalen å vera minimal, så lenge den negative eigenkapitalen er innanfor ramma av det kommunane har meldt at dei vil styrkje eigenkapitalen med, ved at Fjell kommune gjer om lånet til eigenkapital og Sund og Øygarden tilfører kr 5.000.000 til selskapet som ny eigenkapital.

I samsvar med § 3-3 i regnskapsloven vert det stadfesta at føresetnadene for drift er lagt til grunn for utarbeiding av rekneskapen. Styret meiner at informasjonen i rekneskapen og årsmeldinga gjev eit rettvist bilete av Gode Sirklar sine egedelar og gjeld.

Selskapet arbeider med ei rekkje andre tiltak for å betre likviditetsbeholdninga. Dette omfattar tenestekjøp frå eigarane og frå private næringsdrivande. Selskapet har motteke tilskot frå Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og selskapet arbeider kontinuerleg med å lansera prosjekt der finansiering av tredjepart er sentralt.

Verksemda medfører korkje forureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljø.

  
Eri A. Berland

  
Kari-Aline Landro

  
Sverre Konrad Nilssen

  
Tove Ornevik

  
Kristin Helle-Valle